

Regionalt planforum i Hordaland

– ein viktig møteplass



 HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Agnes Mowinckels gate 5,
Postboks 7900,
5020 Bergen
Telefon 55 23 90 00

www.hordaland.no

 HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Planforum i Hordaland er ein viktig møteplass mellom kommunane og sektororgan på regionalt nivå. Regionalt planforum er heimla i Plan- og bygningslova § 5-3. Fylkestinget har vedtatt eit mandat for Regionalt planforum i Hordaland.

Føremål

I regionalt planforum kan kommunar og fylkeskommunen leggja fram planar etter Plan- og bygningslova til drøfting for eit samla regionalt nivå.

Regionalt planforum skal bidra til:

- Å klarlegge og samordne statlege, regionale og kommunale interesser i samband med arbeidet med regionale og kommunale planar
- Å tilrettelegga for gjensidig informasjon, drøfting og samstemt praksis
- Å fremja meir effektivt planarbeid
- Å førebyggja konflikter i arealplanar
- Å styrka planlegging som verktøy for samfunnsutvikling

Kva type planar?

Planforum legg til rette for drøfting av planar som er under utarbeiding, helst før det ligg føre eit vedtatt forslag. Planforum skal ikkje ta avgjerd eller mekle i plansaker.

Følgjande saker er relevante for drøfting:

- Utkast til regional og kommunal planstrategi
- Utkast til planprogram for regionale planar, kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel
- Utkast til regionale planar, kommuneplan- eller kommunedelplan – arealdelen og samfunnsdel
- Utkast til større reguleringsplanar med sektorovergrepande konsekvensar for regionalt nivå
- Planfaglege tema, spørsmål eller oppgåver relevant for eit samla regionalt nivå

Deltakarar

Regionale organ med rett til motsegn er faste deltakarar i planforum. Frå 2011 vert det lagt opp til fylkespolitisk deltaking. Kommunane avgjer sjølv kor mange og kven som møter frå administrativt og politisk nivå. Kommunane kan også be om at spesielle fagorgan møter i den aktuelle plansaka.

Følgjande organ er faste deltakarar og møter når det er relevant:

- Fylkesmannen i Hordaland www.fylkesmannen.no
- Fiskeridirektoratet, Region Vest, www.fiskeridirektoratet.no
- Statens vegvesen, Region vest, www.vegvesen.no
- Kystverket Vest, www.kystverket.no
- Jernbaneverket, Region Vest, www.jernbaneverket.no
- Avinor, www.avinor.no
- Mattilsynet, www.mattilsynet.no
- Bjørgvin bispedømme, www.bispedomme.no
- NVE, Region vest, www.nve.no
- Forsvarsbygg, www.forsvarsbygg.no
- Hordaland fylkeskommune, www.hordaland.no

Desse kan vera relevante i einskilde saker:

Politidistrikta, Luftfartstilsynet, Oljedirektoratet (landanlegg petroleumsverksemd) og Direktoratet for mineralforvaltning.

Kontakt

Torild Hage, Planseksjonen, Regionalavdelinga, tlf 55239332, torild.hage@post.hfk.no.

Møteplan og meir utfyllande opplysningar ligg på nettsida www.hordaland.no/kommunedora under Regionalt planforum.

